

---

## Søker

---

### Opplysninger om institusjonen

Kommunenavn	Øygarden kommune
Institusjonsnavn	Øygarden bibliotek
Postadresse	Sartor senter
Postnummer	5 353
Poststed	Straume
Institusjonens leder	
Fornavn	Bente
Etternavn	Fosse
Telefon	55 096 914
E-post	bente.fosse@oygarden.kommune.no

---

## Sluttrapport

---

Prosjekttittel	Kassert,ikkje kasta. Redesign av bøker
Kategori	Mangfold og inkludering, Nye formidlingsmetoder, Utvikling av nye bibliotektjenester
Tildelt beløp	70 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2017, 2018, 2019, 2020

---

## Mål for prosjektet

Mål for prosjektet er å spreia og dela kunnskap om papiret og boka, om historie, prosessar og handverk. Prosjektet skal få oss til å sjå nærmare på kreative prosessar rundt gjenbruk av papir og bøker, t.d. bokbinding basert på papir frå gamle bøker, collagekunst, papirklip, origami, papirskulpturar m.m. Vi ønskjer å nå ut til to målgrupper. For det første dei som er interesserte i boka som form og medium i eit historisk perspektiv og prosessar knytt til bok- og papirproduksjon. Og for det andre dei som er glade i kunsthandverk og i å skapa noko med hendene sine.

---

## Rapport

Fyrst må vi sei orsak for sein levering av rapport. Det kom i bakrunnen for kommunesamanslåinga, kor mykje tid og fokus gjekk med på store omveltningar. Det har og vore skifte av leiar i biblioteket.

Fjell folkeboksamling blei tildelt støtte til prosjektet «Kassert, men ikkje kasta-redesign av bøker» i 2017 frå Nasjonalbiblioteket.

Det var frå Nb sagt at dei såg på det som eit eittårig prosjekt, men som vi likevel såg oss naudsynt å halda over ein tidsperiode på to år, pga. av bemanning og antal andre faste arrangement som skulle skje ved biblioteket. Under følgjer ein utgreiing om korleis midlane er blitt brukt, og korleis vi tenkjer ein vidareføring av prosjektet.

## Gjennomføring

To dagskurs collageverkstadar med tittel «Kassert- men ikkje kasta»

Innhald: Håkon Holm-Olsen heldt først eit inspirasjonsføredrag om collageteknikken brukt i kunsthistorien, før alle kursdeltakarane fekk kasta seg over kassert materiale frå biblioteket og skapa sine eigne collagar. I etterkant laga vi ei utstillinga av resultatet i biblioteket.

To dagskurs for vaksne i bokbinding for vaksne.

Her lærte ein tre enkle teknikkar; pamflettsaum, japansk bokbinding og ein innbunden bok med franske sting i bokblokken. Fyrst heldt kursholder ein kort innføring i papirets histiorie.

Eit dropinkurs i bokbindingsverkstadar for ungdom i pamflettsaum og japansk innbinding.

Fire jule-og påskeverkstad for born med innslag av resirkulering av bøker.

Bok og bolledag . På Verdas bokdag 21. april hadde vi bok og bolledag. Alle som tok med seg ein

bok(kassert), fekk også med seg ein bolle.

Kurshaldarar:

Ekstern: Håkon Holm-Olsen (billedkunstnar)

Intern: Gro Lygre Petersen ( biblioteksansatt med bakgrunn som billedkunstnar)

Intern: Jurgita Radulovic (Bibliotekar)

I tillegg har ein del frivillige stilt opp til verkstad for barn og unge.

#### Målloppnåing

Nokre av arrangementa var det påmelding til, andre var drop in. Alle påmeldingskursa blei fullbooka, og nokre gonger var det ikkje plass til alle interesserte.

Til dropin-verkstadane har vi hatt svært godt oppmøte, på det meste var det fleire hundre innom på ein dag. Vi har no stor interesse for jule og påskeverkstadene.

Vi har fått eit breiare spekter på arrangementtrekkja vår. Vi har auka ressurslageret og verktøyglageret vårt. Vi har fått auka intern kompetanse. Vi har klart å oppnå stor popularitet på våre jule og påskeverkstadene blant barn og unge.

Collagekursa og bokbindingskurset har hatt ein nedre aldersgrense på 13 år.  
Påske og jleverkstadane har vore opne for alle aldra.

Vi har hatt mange positive tilbakemeldingar, både munnleg og på sosiale medier på arrangementa. Ein del har gitt tilbakemelding på at dei har kjøpt seg bokbindingsutstyr og forsatt med det som hobby. Og nokre har sagt at dei har blitt bevisst nye aspekt med papirboka, korleis ho er laga. Ein del av verkstadane, er fleire generasjonar samla. Foreldre og besteforeldre blir med sine barn og barnebarn på jule- og påskeverkstad.

Slik ser vi på verkstadane kor ein fokuserar på handverk ved biblioteket som vellykka møteplassar for fleire generasjonar. Dette er noko vi vil fortsette med.

#### Vidareføring

Vi har laga eit opplegg som kan vera lett å vidareføre også for andre bibliotek å læra noko grunnleggande om korleis ei bok er bygd opp.

Vi har laga til bokbindingssett som kan lånaust ut og et kompendium som kan kopierast opp. Dette kan brukast både til å skape nye bøker, men også til redesign kor ein bruker element av gamle, kasserte bøker.

Collageverkstadene med tema kassert materiale kan og vidareførast til andre bibliotek. Verkstadene

resulterte i ein fin utstilling til bibliotekrommet.

Våre jule og påskeverkstader er svært populære blant barn og unge og er noko vi ynskjer å fortsette med. Dei vert stadig etterspurta av publikum i forkant av høgtidar.

Vi vil vidareføre tradisjonen som er etablert med påske og juleverkstad, og verkstader i vinterferie, haustferie for ungdom, med innslag av spanande handtverksidear. Vi arbeider og med å sette opp eit makerspace for unge i eit av romma ved biblioteket. Her vil ein del av ressursane frå prosjektet komme til nytte.

Vi vil fortsette med bokbindingskurs. Etter kommunesamanslåinga er tre enkeltståande bibliotek blitt eitt med tre avdelingar. Bokbindingskurset blir introdusert i alle dei tre biblioteka. Kurset er eit nybyrgjarkurs som gir ein kort innføring i bokas og papirets historie. Ein lærer om papiret, ein lærar å laga ein enkel pamflett, ein japansk innbinding, ein liten, tradisjonell bok. Ein lærer å henta inn gamle covre frå kassert materiale og sette inn ny innmat.

Ein ide vidare er å introdusera eit lite innlegg om korleis ein e-bok blir skapt. Slik vil verkstaden vera ein vandring i bokas historie frå analog start til den digitale tid.

---

## Regnskap

---

- [Scan\\_Bente Fosse\\_14\\_08\\_02-03-2021.pdf](#)
- 

## Vedlegg

---

- [Collageverkstad dokumentasjon.jpg](#)
- [Verdas bokadag, kassert men ikkje kasta, frå lokalavisa Øygarden 24, foto Liv Strømme.jpg](#)
- [Collageverkstad dokumentasjon vestnytt.jpg](#)
- [Dokumentasjon collage-verkstad Vestnytt.jpg](#)
- [Dokumentasjon kassert, men ikkje kasta, verdas bokdag \(2\).jpg](#)
- [Dokumentasjon Kassert, men ikkje kasta, verdas bokdag.jpg](#)
- [Døme på redesign av bøker til juleverksted.jpg](#)
- [Forberedelser bokbinding.jpg](#)
- [Juleverksted Fjell folkeboksamling, foto Erik Bentdal Støverud fra lokalavisa vestnytt.jpg](#)
- [Kompendium bokbinding.jpg](#)